



AV TUVÅ BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLEKTOR I
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

Kvifor Lesekrok i Nysgjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheiter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norsklæraren sitt ansvar. No er alle lærarar leseleiarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verktoy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nysgjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nysgjerrigperbladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsvinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «FØLEHORN FOR VENNER OG FIENDAR» I NYSGJERRIGPER NR. 2-14

Utnytt overskriftene

Gode overskrifter har to hovudfunksjonar. For det fyrste skal dei skape interesse, pirre nysgjerrigheita og få i gang tankane hos lesaren. For det andre skal overskriftene forenkle lesinga og guide lesaren gjennom teksten. Begge funksjonane gjer at det blir lettare for lesarane å nærme seg innhaldet, både fordi dei då har forkunnskapar parat, og fordi dei har knaggar å hengje informasjonen på. Mange elevar startar direkte på brødteksten når dei les, og går glipp av begge funksjonane. Å geleide elevane gjennom strategisk overskriftlesing, å tvinge dei til å nytte tid på å tenkje undervegs, kan difor vere nyttig.

I dette opplegget skal elevane få same spørsmål to gonger, fyrst når dei berre kjenner overskriftene og ingressen, deretter når dei har lese teksten. Presenter éi overskrift om gongen, still spørsmålet og la elevane drøfte kva dei trur svaret er.

«Følehorn for venner og fiendar»

⇒ Korleis kan ein nytte følehorn for venner og fiendar?

«Bier luktar seg fram til kven som er venner eller fiendar»

⇒ Kven er vennene og fiendane til biene?

⇒ Kva trur de følehorn, venner, fiendar og bier har med kvarandre å gjere?

«Fjerne følehorn» ⇒ Kven fjerna følehorn, og kvifor?

«Ulike oppgåver» ⇒ Kven har ulike oppgåver?

Det er ikkje meininga at elevane skal finne fram til kva som står i teksten, når dei berre les overskriftene og den vesle ingressen, men at dei byrjar å reflektere, trekkjer fram forkunnskapar og koplær dei ulike overskriftene saman. Når dei har drøfta kva svara kan vere, ut frå overskriftene, deler læraren ut Nysgjerrigperbladet og Lesekroken. Då skal elevane lese teksten i samanheng og svare på dei same spørsmåla på nytt. No blir dei nyttige for å skjønne strukturen i teksten.



FOTO: SHUTTERSTOCK



Om Nysgjerrigper

Nysgjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasien sin. Nysgjerrigper vil auke interessa for forskning og vitenskap – og håper fleire unge menneske vel forskning som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitenskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskingsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetene i tiltaket på nysgjerrigper.no





Av Tuva Bjerkvold



Følehorn for venner og fiendar

Bier luktar seg fram til kven som er venner eller fiendar.

TEKST: MAGNUS HOLM

Bier frå same kube er både sambuarar og arbeidskameratar. Men bier frå forskjellige kubar er fiendar. Når ei bie møter ei anna, må ho finne ut om det er ein venn eller ein fiende. Til det bruker ho luktesansen. Men biene luktar ikkje med nasen. Dei brukar følehorn, som er fülle av nerveceller.

Fjerne følehorn

Amerikanske forskarar ville finne ut om biene brukte hogle og venstre følehorn forskjellig. Derfor fjerna dei hogle følehorn på nokre bier. På andre fjerna dei det venstre. Forskarane fann fort ut at bier som mangla det hogle følehornet, sløit med å skille mel-

lom ynni og fiende. Dei viste ofte fram brudden, og gjorde seg klare til å slå mot bier frå sin eigen kube. Dei var også vennlegare mot bier frå andre kubar enn bier som mangla det venstre følehornet.

Ulike oppgaver

Forskarane har lenge vist at det hogle følehornet til biene har fleire nerveceller for lukte enn det venstre. No veit dei òg at biene brukar dei to følehorn til ulike oppgaver. Hogle forskarane kan dette vere med på å forklare kvifor mange dyr brukar hogle og venstre del av hjernen forskjellig – akkurat slik som vi menneske gjer.

Oppgaver til «Følehorn for venner og fiendar»

1. Spørsmål til overskriftene

Jobb saman to og to. Sjå på overskriftene, og svar munnleg på spørsmåla knytte til desse:

- «Følehorn for venner og fiendar» ⇒ Korleis kan ein nytte følehorn for venner og fiendar?
- «Bier luktar seg fram til kven som er venner eller fiendar.» ⇒ Kven er vennene og fiendane til biene?
- Kva trur de følehorn, venner, fiendar og bier har med kvarandre å gjere?
- «Fjerne følehorn» ⇒ Kven fjerna følehorn, og kvifor?
- «Ulike oppgaver» ⇒ Kven har ulike oppgaver?

2. Korleis syner ein at ein er fiendtleg?

Jobb saman to og to.

- Leit i teksten og dramatiser så korleis bier syner at dei er fiendar.
- Vel om de vil dramatisere eit fiendtleg møte mellom hundar, kattar eller menneske. Syn dramatiseringa for ei anna gruppe.

3. Detektivlesing

- Kvifor er følehorn til bier plassert der dei er?
- Korleis kan bier lukte med følehorn?
- Kva kan du seie om humøret til biene som er avbilda i artikkelen?

